



Ingunn Runde  
Kvamsvegen 18  
5911 ALVERSUND

Referansar:  
Dykkar:  
Vår: 16/2989 - 17/586

Saksbehandlar:  
Inger Marie Jordal  
Inger.Marie.Jordal@lindas.kommune.no

Dato:  
10.01.2017

## Møteinnkalling - grunneigarar i Kvamme øvre og nedre felles utmarksbeite

Innkallar til møte på rådhuset i Knarvik, møterom aust, torsdag 19. januar kl. 15.00.

I forbindelse med utbetring av veg til Kvamsvågen har Lindås kommune sendt dykk nabovarsel vedrørende utskiljing av veggrunn frå gnr. 141 bnr. 3. Vi fekk då inn informasjon om at delar av veggrunnen ligg i «Øvre og nedre Kvamme felles» sitt utmarksbeite, noko som ser ut til å stemme i høve til utskiftinga over gardane på Kvamme. Sjå vedlegg. Vi forstår det slik at dette er ein eigedom, ikkje berre ei rettighet. For å setje i gang arbeidet med utbetring av vegen, er vi difor avhengig av ein signert avtale med alle grunneigarane i Kvamme øvre og nedre sitt felles utmarksbeite.

Det vi ønskjer no er ei fullmakt til å rekvirere frådeling av veggrunn, samt fullmakt til å starte på arbeidet med vegen før frådelinga er gjennomført. I og med at dagens kart ikkje viser denne eigedommen, må truleg kart og matrikkel rettast opp. Eigedommen må målast inn. Vidare kan veggrunnen overførast til Lindås kommune. Når den tid kjem, vil vi trenge dykkar signatur på skøytet før det vert sendt inn til Statens Kartverk. Dette arbeidet vil ta nokre månader.

Håpar alle har anledning til å delta i eit møte vedrørende denne saka. Vi treng dykkar hjelp for å komme vidare i saka med betre vegtilkomst til Kvamsvågen. I møtet vert saka ytterlegare forklart og vidare saksgang presentert. Det vert rom for spørsmål. De må gjerne ta kontakt på førehand og, dersom de har spørsmål i saka.

Med helsing

Inger Marie Jordal  
prosjektleder



*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Kvamsvåg - veggrunn

**Kopi til:**

Therese Urdahl Braseth

**Mottakarar:**

Arild Kvamme	Erstadvegen 42	5911	ALVERSUND
Arne Magnar Kvamme	Kvamsvegen 17	5911	ALVERSUND
Bente Karin Kvamme	Erstadvegen 26	5911	ALVERSUND
Bjarne Gunnar Kvamme	Skarsvegen 191	5911	ALVERSUND
Ingunn Runde	Kvamsvegen 18	5911	ALVERSUND
Ludvig Kvamme	Erstadvegen 38	5911	ALVERSUND